



Kjell Løvoll sitt minneskirenn

Søndag 27. februar 2022 på Løvoll i Eidsdal

Minneskirenn og utvida sonerenn

Kjell Løvoll sitt minneskirenn skulle vere Eidsdal IL sitt jubileumsrenn i samband med at vi runda 100 år i 2020. Slik vart det ikkje, men i år prøver vi på nytt i samband med sonerennet vårt.

Merk at dette rennet opnar for både klassisk stil og fristil, alt etter kva klasse ein melder seg på i. Kjell Løvoll var kjent for sin effektive og stilreine klassisk stil, difor er det naturleg i sjølve turrennet. Vi overlet til folk sjølve å velje stilart i trim- og familieklassen.

Distansar og klasseinndeling, stilart og starttidspunkt

- Turrenn – konkurranseklasse med tidtaking, ca. 20 km. Klassisk stil. Fellesstart kl. 13.00
 - Klasseinndeling j/g 15-16 år, k/m 17-18 år, k/m 19-20 år, deretter k/m i 5-årsklassar t.o.m. 75 år, og eldst: k/m 76 år og eldre. Inndeling i samsvar med NSF sitt reglement.
 - Fellesstart.
 - Konkurranseklassa vert kutta ut ved færre enn totalt 15 påmelde.
- Trim/familieklasse med tidtaking. Ca. 8 km. Fristil. Fellesstart kl. 12.45. Ope for alle.
- Trim/familieklasse – mosjonsklasse utan tidtaking, ca. 8 km. Fristil. Ope for alle. Fri start mellom 12.15-13.00.
- Trimrunde – lett og relativt flat løype på garden til Kjell, 2-3 km, utan tidtaking. Fristil. Ope for alle. Fri start mellom 12.15-13.00. NB: Born i alderen 8 år og yngre kan gå velje endå kortare løype.

Påmelding

NB: Alle som skal gå – med eller utan tidtaking, **MÅ** melde seg på!

Påmelding **innan fredag 25. februar** kl. 20.00 til:

Merete Løvoll Rønneberg: merete@verdsarvfjord.no Mobil 99 37 65 85.





Kjell Løvoll sitt minneskirenn

Søndag 27. februar 2022 på Løvoll i Eidsdal

Startkontingentar

Turrenkklassar: Junior kr. 100,- Senior kr. 130,-

Mosjon/familie m/tid: Kr. 80,- pr. pers.

Mosjonsklasser/trim: Kr. 50,- pr. pers. Familie maks kr. 250,- (foreldre + born t.o.m. 20 år)

Startkontingentar og ev. skilisens (jf. NSF sitt regelverk) kan du gjerne betale ved påmelding gjennom vipps til Eidsdal IL 506712, eller konto 4020.30.17164. Merk innbetalinga med namn og kva det gjeld.

Faktura kan sendast klubben ved felles påmelding gjennom ditt idrettslag.

Parkering

Parkering skjer ved kommunevegen/ekstra utbrøyting og på tilvist plass ved gardstun.

Start

Alle som skal gå med tidtaking startar frå kl. 12.45 (trim/familie) og frå kl. 13.00 (turrenn).

Alle som skal gå utan tidtaking, startar mellom 12.15-13.00.

Henting av startnummer

Kvar klubb hentar sine startnummer samla. Dette gjeld for løparar som skal gå med tidtaking (både turrenn og mosjon/familie).

Dei som skal gå utan tidtaking, går utan startnummer, men må gå innom startnummerutdelinga for kontroll opp mot påmelding.

Utlevering av startnummer skjer i kjellaren på klubbhuset

Saman med startnummer får klubbane utlevert startliste og nokre løypekart.

Premiering

Minnemedalje til alle deltakarar. Eigen premie til alle som går med tidtaking.

Hent premien din ved innkøst – «sjølvforsyning» utandørs.

Kiosk, drikke og sanitær

Kiosksal på klubbhuset. Utdeling av drikke (saft) ved innkøst. Drikkestasjon (saft) ved passering av klubbhuset for løparar i turrenkklassen.

Vi minner elles om at alle framleis bør tenkje smittevern.

Meir informasjon

Følg med på Eidsdal IL si facebookside <https://www.facebook.com/Eidsdalldrottslag/>

Det vert ikkje oppslag med startlister og løypekart ved stadion. Dette vart lagt på EIL si facebookside.

Resultatlistar

Speaker les opp resultatlistar. Ingen oppslag. Resultatlistar vert òg lagt ut på Eidsdal IL si facebookside, og i tillegg sendt til klubbar som har deltakarar med i rennet.

Funksjonærar

Funksjonærar som har oppgåver som krev ei viss omgang med løparar, skal bruke munnbind (utdeling av startnummer, drikkestasjon og liknande.)



Kjell Løvoll sitt minneskirenn

Søndag 27. februar 2022 på Løvoll i Eidsdal

Program gjennom dagen

Alt skjer utandørs. Vi legg opp til at folk held avstand sjølv om vi har eit lite innleiande program.

- Kl. 11.45** Velkomne til minnerenn.
Renninformasjon frå speaker
- Kl. 12.00** Eidsdal musikkorps spelar (?)
Verbale glimt frå skiåra til Kjell Løvoll ved speaker.
- Kl. 12.15-13.00** Start trim/familie utan tidtaking.
- Kl. 12.45** Start trim/familie med tidtaking
- Kl. 13.00** Start konkurranseklassar

Minnemedalje til alle deltakarar ved innkost. Eigen premie i tillegg til dei som går med tid. «Sjølvforsyning» på premiebordet ved innkost.

For mosjons- og trimklassen vil løypa innehalde «minneinnslag» knytt til Kjell Løvoll. Det vert tilrettelagt for skileik i start/målområdet om forholde tillèt det.



Kontaktperson

Rennleiar: Merete Løvoll Rønneberg merete@verdsarvfjord.no tlf. 99 37 65 85

Arr. Eidsdal IL, skigruppa

Kjell Løvoll

Langrennsløpar, Eidsdal IL

Kjell Løvoll var i si tid den suverent beste langrennsløparen på Sunnmøre. Åleine henta han heim 17 krinsmeisterskapar som junior- og seniorløpar, og han var sterkt delaktig i at EIL vann fem stafettmeisterskapar for seniorlag på krinsnivå. Dette var før det gjekk inflasjon i KM-distansar og stilartar.

Han vann Vestlandsmeisterskapen, og i sine beste renn yppa han seg med landseliten, m.a. på Skifestivalen på



Geirangerfjellet på sommarsnø. Det bør leggst til at langrennsporten på denne tida hadde langt større breidde og fleire deltakarar på krinsnivå enn vi har i dag.

Kjell var ein allsidig idrettsmann. Han var ein frykta konkurrent i terrengløp, også her med KM-titlar. I 1961 vann han klubbmeisterskapen i både langrenn, slalåm og hopp! I retteleg gamle dagar arrangerte nemleg idrettslaget meisterskap i alle tre greinene på same dagen! Sin siste klubbmeistertittel tok han 55 år gammal i 1981. Då slo han Frode Rønneberg med over 40 sekund. Året før vann han Norddalsmeisterskapen for siste gong, nesten 50 sekund framføre Odd Jarle Døving frå Valldal IL.

Kjell Løvoll fekk Norddal kommune sin kulturpris i 1995. Det same året vart han utnemnd som den fyrste æresmedlemmen i EIL.

Kjell døydde av kreft i 1997, berre 60 år gammal.